



Ingbjørn Steen frå Statens vegvesen og Ivar Kåre Døssland frå kommunen på synfaring på den aktuelle strekninga ved Korsnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har no fått ei oppsummering frå Statens vegvesen om trafikksikringstiltak ved Korsnes - etter synfaringa som avdelingsingeniør Ingbjørn Steen hadde for stutt tid sidan. Men han og seksjonsleiar Lars Øyre kjem førebels ikkje med nokre konkrete lovnader om tiltak.

Dette er oppsummeringa som dei to kjem med i brevet:

- * Det har tidlegare vore teke opp med oss moglegheit for å få ein fotgjengarovergang i området. Vi har lagt mykje forarbeid i saka og konklusjonen har vore at det ikkje er grunnlag for dette.
- * Vi er kjent med at det for omlag eitt år sidan var ei køyreulukke på staden, der ein person vart påkøyrd og mista livet. Ved rekonstruksjon av ulukka fann politiet ikkje å kunne lasta førar av bilen som var innblanda i køyreuhellet.
- * Det er opplyst at det pr. dato er frå 12 til 15 skuleborn som nyttar busslomma mot Rosendal. Desse kjem i stor mon frå bustadfelt som ligg på motsatt side av vegen.
- * Vi får mange søknader om venteskur igjennom året og langt dei fleste lyt vi av økonomiske grunnar avslå. For inneverande år vil vi truleg få høve til kjøp av maksimalt to nye venteskur. Som De då sikkert skjønar lyt vi då føreta ei streng prioritering for tildelinga. Vi skal lova at Dykkar søknad vil verta teke med, når vi gjennomgår listene med tidlegare søknader.
- * Pr. i dag er køyrefarten på staden sett til 60 kilometer i timen. I samråd med politiet vil vi ta med oss og vurdere om det bør gjerast endringar av dette. Difor vil vi få be politiet ta kontakt med underteikna for avtale om synfaring på staden.

* Det er skilta med forbikeyring forbudt p  vegstrekninga. Vi fekk opplysning p  synfaringa om at langt fr  alle trafikantar respekterer dette.

* Vi ser kl rt at det kan vera til hjelp at ljosstrekka p  staden vert forlengja, slik at dette vil vi ogs  ta med oss vidare under slutthandsaminga av saka.